


Ny naustrekkje på Flatholmen

31.10.2014



Eilif Myklebust har sendt kommentar til kommunen for Sameiget Flatholmen i samband med den nye planen og opplysar at sameiget ynskjer å få inn ei naustrekkje på sørsida. Det er ei rekkje på 4 naust som vert planlagt der.

I siste planperiode er det komen inn ei rekkje på 4 X 2 naust. Det er no nokon av etterfyljarane som ynskjer å byggja på dei tomtene som er

markert på austsida.

Størrelsen på nausta som er planlagt på sørsida
ynskjer sameiget skal vera 40 kvadratmeter. Dei ynskjer å gjera det
tilgjengeleg slik at alle borneborna etter Sylvia og Erling Myklebust
vil kunne ha mogelegheit til å byggja seg naust. Difor er det viktig
at dette no kjem med i den nye planen, held Myklebust fram.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen